

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

**MERKNAD TIL SØKNAD OM ENDRA REGULERINGSREGIME FOR LITLEVATNET OG MOSVATNET
TILTAKSHAVAR - TUSSA ENERGI AS - SAKSNR. 201834524**

Ulstein grunneigarlag SA er eit lag som representerer alle grunneigarane i felles i utmark på gnr. 5 i Ulstein kommune. Det er 21 grunneigedomar som er eigarar av felles utmark. Det er difor feil som det står i søknaden at det berre er 2 grunneigarar på gnr. 5 som er partar ved nedslagsfelt til Ulsteindalen Kraftverk. Til opplysning er det også felles utmark for Skeide, gnr. 6, som er eigarar i sørenden.

Ingen av grunneigarane eller kontaktpersonen for grunneigarlaget har fått varsel om den omsøkte endringa ved Litlevatnet noko vi synest er rart sidan vi er eigarar av området.

Litlevatnet har vore regulert til kraftproduksjon i over 100 år. Når no Tussa Energi AS søker om å senke HRV med 2 meter har dette store konsekvensar for bruken av vatnet både for grunneigarane og hytteeigarane. Det er mellom anna etablert fleire naust langs vatnet som ikkje lenger kan brukast som i dag. Litlevatnet ligg også i eit attraktivt turområde som er mykje nytta gjennom heile året.

Vi forstår argumentasjonen med at det er rimelegare å senke vatnet enn å oppjustere demningane for å tilfredstille dagens krav til dammar, men viss reguleringa av vatnet skal fylgje dagens svingingar vil vatnet i lange periodar vere veldig lite og store delar av vatnet vil vere tørrlagt då store delar av vatnet er veldig grunt. Mykje av området som vert tørrlagt når vatnet er nedtappa er myr som er farleg å ferdast på både for folk og dyr. Det bør utarbeidast kart som syner konsekvensane av nedtapping til dagens LRV.

Viss Tussa Energi AS får godkjent senking av HRV med 2 meter, ønskjer vi at LRV (lavaste regulerte vannstand) vert heva med 1 meter til kote 305,16 (NN2000) og at vannstanden vert halden så jamn og høg som mulig gjennom heile året.

Ulsteinelva er ei registert lakseelv. Det må difor vere eit minstetilsig av vatn i elva til ei kvar tid.


Det er grunneigarane ved Ulstein grunneigarlaget SA som eig og disponerer veggen frå kraftstasjonen i Ulsteindalen til Litlevatnet. Utbyggar må difor inngå avtale med Ulstein grunneigarlag SA om bruk og eventuell opprusting av veggen før arbeidet tek til. All bruk av veggen skjer på eige ansvar.

Ulstein 03.09.2018


Ulstein grunneigarlag SA



Aksel Ulstein



Karsten Ulstein



Kjetil Ulstein